

# PROTOKOLL

## MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 2.3.2022 kl.17:00-18:30 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Anne Kjersti Frøyen, Wenche Smestad, Geir Wiknes

Forfall: Liv Margit Sørbøen

Saksnr.		Ansvar
10/22	<b>Godkjenning av innkalling og protokoll</b> Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll.	
11/22	<b>Søknad om fritak frå verv</b> Gunn Britt Eimer Skarsgard har søkt om fritak frå vervet som medlem i Nordbygdene diakoninemnd. Søknaden blir innvilga.	
12/22	<b>Nytt medlem i Nordbygdene diakoninemnd</b> Inger Elise Kaslegard blir valt som nytt medlem.	<b>Diakonen</b>
13/22	<b>50-årskonfirmantar 27.mars og 29.mai</b> Tormod Skarsgard vil gjerne vere fyrstalsmann den 27.mars men kan ikkje den 29.mai. Liv Margit blir med den 27.mars, og Wenche kan vere med den 29.mai. Einar tek kontakt med Vigdis M S og spør om ho kan leie samlinga den 29.mai.	<b>Liv Margit Wenche Smestad Einar</b>
14/22	<b>Godkjenning av sokna sine rekneskap</b> Rekneskapa for dei ulike sokna vart lagt fram og presentert. Dei vart godkjent under føresetnad av at revisjonen ikkje har vesentlege innvendingar.	
15/22	<b>Gudstenesteforordning</b> Biskopen avgjer antal av ulike typar gudstenester i dei ulike sokna. Han ynskjer at soknerådet kjem med innspel til dette. Brev frå biskop og prost blir sendt ut med protokollen. Saka blir teke opp på nytt i neste møte.	
16/22	<b>Meldingar</b> Ingen	
17/22	<b>Eventuelt</b> a) Biskopen har skrive brev og bede om å gjere det me kan for Ukraina. Han har sendt ut ei bøn som vil bli nytta på gudstenestene framover. Kyrkja bør vere open for besøk og lystenning. Oftring kan gjerne gå til Røde Kors, Kirkens Nødhjelp eller andre som gjer eit arbeid for Ukraina. Soknerådet ynskjer i utgangspunktet ikkje å endre på ofringslista, men vil heller satse på eigen innsamling (pkt c). b) I Norsk Salmebok er det ulike Kyrie-melodiar. Det er oppmoda om å nytte melodien frå Ukraina no i fastetida. Soknerådet vil gjerne gå inn for dette fram til påske. Det er eit forslag om å nytte den vedtekne lokale grunnordninga med nokre tilpassingar i fastetida, som t.d. å kutte ut Gloria. Soknerådet er positiv til innspelet og gjev forrettande prest mandat til å avgjere dette for denne perioden. c) Er det noko me kan gjere i kyrkja vår for å markere støtte til Ukraina? Kva med t.d. fakkeltog? Dette bør i tilfelle skje innan ei veker tid. Soknerådet vil gjerne arrangere eit fakkeltog sundag 6. eller måndag 7.mars. Geir og Sveinung arbeider med dette frå staben. Arild prøver å skaffe faklar som me sel for kr 200,- (Vippse til kyrkja eller direkte til Kirkens Nødhjelp?). Einar tek kontakt med ei frå Ukraina som jobbar på Kafe Tid via Hilde. Me ynskjer ein appell og at kyrkja er open for lystenning og stille stund. Det blir avgjort i løpet av torsdag 3.mars om dette er gjennomførbart.	<b>Geir og Sveinung, Arild, Einar</b>
	Neste møte: 7.april kl 17:00	
		Referent: Torfinn Slåtto